



Voss herad

VOS2
bygd for sterke opplevingar



Voss herad

Tildelingsmodellen til Grunnskule

Samanlikning av inneverande og kommande skuleår

Kva	2023 – 2024	2024 – 2025
Grunntildeling til kvar skule	1400 timer	1330 timer
10500 timer til spesialundervisning for elever med store behov	Fordelt på 30 elever = 350 t/året = 9,2 t/veka	Fordelt på 40 elever = 262,5 t/året = 6,9 t/veka
Timer per elev	39,5 timer (1896 elever)	39,5 timer (1943 elever)
Driftsmidler per elev	5500 kr	5500 kr

«Det er utfordrande å fatte vedtak om spesialundervisning som er i tråd med tilrådinga frå PPT»

«Me har per i dag eit overforbruk og me kan ikkje sjå at det er fagleg forsvarleg å gjere innsparingar som vil monne.»

«Me har fått ny sakkunnig uttale med tilråding om tettare oppfølging Kvifor skjer det ikkje noko?»



Voss herad

Skuleplassering

Bakgrunn

- Bestilling frå politisk nivå: orientering om nærskuleprinsippet og praksis kring handsaming av skuleplasseringssaker.
- Aktuelle punkt som er etterspurt er:
 - gjeldande regelverk for å søke om byte av skule.
 - informasjon og innsikt i kor mange saker dette er kvart år.
 - kva som er utfordringane for administrasjonen og skulane.
 - Er det til dømes mange saker som går vidare til statsforvaltar?
 - Er det somme typar av søknader som går igjen?
 - Korleis blir sakkunnige vurderinga vurdert i søknad om skulebyte?

Agenda for presentasjon

- Eit historisk tilbakeblikk; politisk sak 2021
- Gjeldande praksis
- Barnet sitt beste og sakkunnig vurdering
- Tal saker
- Aktuelle problemstillingar og utfordring til dykk

Politisk sak 2021

- Opplæringslova § 8-1:

- «*Grunnskoleeleverane har rett til å gå på den skolen som ligg nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til*»

- Kva tre alternativ vart presentert og diskutert i saka?

1. Geografisk nærmeste skulen. Skulen som geografisk ligg nærmest bustaden skal vera den skulen eleven soknar til.
2. Inntaksområde. Kommunen utarbeider forskrift der det går fram kva skule den einskilde elev soknar til.
3. Fritt skuleval. Foreldre bestemmer sjølve kva skule eleven skal gå til, dvs. fritt skuleval.

- Kvifor vedtok heradsstyret alternativ 2 – Inntaksområde?

1. Kapasitet / Skulestruktur. Ikkje alle skular i VH er store nok for å ta i mot elevtal ved geografisk inndeling, eller ved fritt skuleval.
2. Historisk verdi / føreseielegheit. Statsforvaltaren oppmoda om innbyggjarperspektiv: å halde «liknande inntaksmodell som tidlegare.
3. Trendar. 1) Bølger av skulebytesaker mellom skular i sentrum. Skulane må ha noko ledig kapasitet for å ta i mot potensielle skulebytesaker. 2) God trend hjå Statsforvaltaren på at saker vert vurdert jamfør eiga forskrift.
4. SU: «Det vil alltid vera grenser mellom skular, og det vil alltid vera elevar i desse grenseområda».

Gjeldande praksis

- Utgangspunkt er at born er elevar ved nærskulen som dei krinsar til, jamfør lokal forskrift om inntaksområde.
- Unnatak:
 - **Søskenprioritering:** Opnar for at elevar kan få starta ved annan skule enn nærskulen viss eldre søsken har skulegang ved aktuell skule.
 - **Attverande tid:** Opnar for at elevar kan få halda fram ved noverande skule viss attverande tid ved skulen er 1,5 år eller mindre.

Politisk vedteke at fylgjande unnatak gjer seg gjeldande:

- A) Folkeregistrert adresse.** Dokumentert flytting fram i tid, kan gje grunnlag for å starte / halde fram ved aktuell skule.
- B) Særskilde behov.** Når eit skulebyte kan skapa betre vilkår for elevar med særskilde behov. Eks: fysisk tilrettelegging og tilkomst, tilgang på uteområde, etc. Føresette er initiativtakar til eventuelt skulebyte på dette grunnlag.
- C) Sakkunnig vurdering.** Innhold i sakkunnig vurdering fortel om elev sitt behov vert særleg betra ved annan skule.
- D) Gråsone.** Når folkeregistrert adresse rører ved grensa mellom to skular. Elles skjønn, eks. Strandavegen mot tunnelmunning = Vangen > Skulestad (nærskule).
- E) § 9-A.** Når ein skulebyte er eit tiltak for å betra elevar sitt skulemiljø.

Skjønn, barnet sitt beste og sakkunnig vurdering

- Alle søknadar om skulebyte vert fatta som enkeltvedtak. Enkeltvedtak sikrar klagerett.
- Administrasjonen gjer ei konkret og individuell vurdering i alle saker, før vedtak vert fatta. Me skal vurdera subjektive høve ved eller kring eleven.
- Vurdering av barnet sitt beste i skuleplasseringssaker er knytt direkte til skulegang ved aktuelle skular – som oftast to skular (til- og frå-skule). Eks: Kva forhold ved skulen gagnar eleven sine behov?
- For å sikra kvalitet i vedtaka: fråsegn frå rektor og innhenting av potensiell informasjon (§9A), sakkunnig vurdering, saksdrøfting i administrasjonen, samtalar med gjennomlesing og godkjenning av vedtak.
- Barnet si stemma skal vera høyrd, men treng ikkje vera høyrd direkte av barnet (avhengig av alder). Statsforvaltaren: føresette kan representera barnet si stemma.
- **Vilkåra for unnatak (på førra slide) er med å sikra skjønn.**

Tal saker

- Adm. fører statistisk oversikt over saker. For å sjå trendar, historikk, endring av mønster + +
- 2020: 21, derav 10 innvilga og 11 avslag. 5 klagar til Statsf.: 5 saker stadfesta VH-vedtak.
- 2021: 10, derav 10 innvilga.
- 2022: 18, derav 10 innvilga og 8 avslag. 7 klagar, derav 3 omgjort (om skyss) og 5 til Statsf.: 4 stadfesta, 1 omgjort på bakgrunn av ny informasjon frå PPT (som ville gjeve utslag for VH òg).
- 2023: 25, derav 16 innvilga, 8 avslag, 1 trekt. 5 klagar til Statsf.: 5 saker stadfesta VH-vedtak.
- 2024: 5 saker pr 05.03.2024. Feil i kartlag nytta ved inntak (ref: avissak).

Typiske grunngjevingar for søknadar, uavhengig av utfall

- Venskap frå bhg.
- Oppleving av å bu i ei gråsona.
- 9A-saker.
- Sakkunnig vurdering / særskilde behov.
- Flytting 1. Ynskjer å halde fram ved skulen dei flyttar vekk frå.
- Flytting 2. Framtidig adresseendring. Ynskjer skulegang ved skulen dei planlegg å flytta til.
- Søsken.
- Delt omsorg.
- Attverande tid.

Trendar

- Bølgjer med søknadar til / frå sentrumsskular. Til og frå Vangen skule.
- Trendar i sentrum:
 - Færre søker seg *til* Vangen skule enn tidlegare.
 - Store deler av avslag vert klaga på.
 - Få søknadar i området Ullestад (Vangen / Gullfjordungen).
- Statsforvaltaren har stadfesta 15 av 16 saker sidan sommaren 2020.

Aktuelle problemstillingar som me møter i sakshandsaming av skulebytesaker

- Gråsoner.
- Statsforvaltaren som rettleiande (konkrete saker, rådføring, kurs, osb.) påverkar vurderingskriteria våre.
- Skulebyte og skuleskyss. Nytt regelverk i 2022 opna for at elevar kan ha rett på skuleskyss til andre skular enn nærskulen.
- Relevans mot anna saksfelt:
 - **Skuleskyss:** Stor auke i skysskostnad i heradet, utan at tal elevar med dekka skuleskyss har auka dramatisk.
 - **Skular sin kapasitet:**
 - Byggteknisk 1: Romstruktur i skulane er sprengt. Les: det er ikkje nok klasserom til å ta i mot elevar på ein slik måte at klassar må delast.
 - Byggteknisk 2: Enkelte skular har klasserom som er mindre enn kravet for aktuelt tal elevar i klassane.
 - **Bemanning.** Manglar lærarar / kompetanse.

Korleis mjuka opp praksisen?

- Utvida «Attverande tid»-unnataket frå 1,5 år til 2,5 år.
- Opne for å gje rom for overføring til ny skule viss kapasitet?
 - Men kva då når det faktisk er fullt? Viss nokon får innvilga, og andre ikkje?
- Andre punkt? (stoppa litt opp her..)

Utfordring til politisk nivå

- Kva er likehandsaming? Og korleis sikra likehandsaming for alle innbyggjarar?
- Er administrasjonen (for) «rigid» / «firkanta» / «streng»? Kva tydar det?
- Kva er fordelar og ulemper med å vera «rigid»?